

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

# Desisjon av møtebøkene i fylkesutvalet og hovudutvala

Gjennomgang basert på stikkprøvekontroll av møtebøkene frå  
fylkesutvalet og hovudutvala 2015

Sekretariatet for kontrollutvalet  
24.05.2016

## Innhald

1	Innleiing .....	4
1.1	Bakgrunn .....	4
1.2	Føremål og problemstillingar .....	4
2	Metode.....	4
2.1	Dokumentanalyse .....	4
2.2	Kontrollerte vedtak .....	4
2.3	Uttale .....	5
3	Kontrollkriterium .....	5
4	Vedtak og vurderingar.....	5
4.1	Fylkesutvalet (4 saker).....	5
4.1.1	Sak 23/15 – Eigarskap – forenkling av fylkeskommunal eigaroppfølging.....	5
4.1.2	Sak 58/15 – Tildeling av støtte frå fylkeskommunalt ENØK fond 2015.....	6
4.1.3	Sak 104/15 – Rådgjevar for fylkesordføraren .....	6
4.1.4	Sak 144/15 – Val av medlemar i Fjord1 AS .....	7
4.2	Hovudutval for opplæring (1 sak) .....	7
4.2.1	Sak 23/15 – Strategiar for fag- og yrkesopplæringa i Sogn og Fjordane – kvalitet og gjennomføring .....	7
4.3	Hovudutval for plan og næring (1 sak).....	7
4.3.1	Sak 17/15 – Plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane 2015.....	7
4.4	Hovudutval for samferdsle (2 saker) .....	8
4.4.1	Sak 13/15 – Tilskot – Fjellvegen Årdal – Luster (Tindevegen).....	8
4.4.2	Sak 37/15 – Søknad om nye ruteløyver – Nettbuss .....	8
4.5	Hovudutval for kultur (1 sak) .....	9
4.5.1	Sak 17/15 - Kulturutviklingsmidlar 2015 - tildeling.....	9
4.6	Hovudutval for næring og kultur (1 sak) .....	11
4.6.1	Sak 8/15 - Revisjon av retningsliner for kommunale næringsfond frå 01.01.2016	
	11	
5	Oppsummering .....	11

[Vedlegg 1](#) – Oversending av vurderingar frå Deloitte AS

[Vedlegg 2](#) – Uttale frå fylkesrådmannen

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet vedtok i 2013 å gje kontrollsjefen i oppdrag å gjennomføre framtidige stikkprøvekontrollar av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala med innleidd kompetanse der kontrollsjefen vurderer det som nødvendig.

## 1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med stikkprøvekontrollen er å kontrollere

1. om vedtaket i den enkelte sak er gjort av eit organ med fullmakt til å gjere slikt vedtak
2. om vedtaket er i samsvar med norsk lov, eventuelle andre relevante regelverk
3. om vedtaket er i samsvar med budsjettvedtak, formål og om det er innanfor rammene av vedtak i fylkestinget

I tillegg vert det bedt om ei vurdering av fylkeskommunen sin praksis for protokollering av møta i finansutvalet og planutvalet.

## 2 Metode

Kontrollsjefen har gjennomført saka ved å gjere førebuande arbeid som å lage oversikt over saker som er handsama i dei forskjellige utvala, gjere uttrekket av saker til stikkprøvekontrollen og skrive rapporten på grunnlag av undersøkinga. Vurderingane av vedtaka i dei utvalde sakene i høve til punkta i føremålet er utført av Deloitte AS (Vedlegg 1).

### 2.1 Dokumentanalyse

Det vart i 2014 gjennomført 21 møte i fylkesutvalet, der det vart gjort 95 endelege vedtak. Hovudutvalet for opplæring gjennomførte 10 møte og det vart gjort 17 endelege vedtak. Hovudutvalet for plan og næring gjennomførte 9 møte (Perioden 1.1.15 – 20.10.15) med 26 endelege vedtak. Hovudutvalet for kultur hadde 7 møte (Perioden 1.1.15 – 20.10.15) med 21 endelege vedtak. Hovudutval for næring og kultur gjennomførte 2 møte (Perioden 21.10.15 – 31.12.15) med 12 endelege vedtak. Tala for hovudutval for samferdsle var 8 møte med 23 endelege vedtak.

### 2.2 Kontrollerte vedtak

Det er trekt ut 9 saker til stikkprøvekontrollen. Fire av sakene er frå fylkesutvalet, to saker er frå hovudutval for Plan og næring, medan hovudutval for opplæring, hovudutval for samferdsle og hovudutval for kultur har to saker kvar med i kontrollen.:

#### Fylkesutvalet

Kap.nr	Sak nr	Sak
<a href="#">4.1.1</a>	23/15	Eigarskap – enklare oppfølging av fylkeskommunalt eigarskap
<a href="#">4.1.2</a>	58/15	Tildeling av støtte frå fylkeskommunalt ENØK fond 2015
<a href="#">4.1.3</a>	104/15	Rådgjever for fylkesordføraren
<a href="#">4.1.4</a>	144/15	Val av medlemar i Fjord1 AS

#### Hovudutval for opplæring

Kap.nr	Sak nr	Sak
<a href="#">4.2.1</a>	23/15	Strategiar for fag- og yrkesopplæringa i Sogn og Fjordane - kvalitet og gjennomføring

### Hovudutval for plan og næring

Kap.nr	Sak nr	Sak
<a href="#">4.3.1</a>	17/15	Plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane 2015

### Hovudutval for samferdsle

Kap.nr	Sak nr	Sak
<a href="#">4.4.1</a>	13/15	Tilskot – Fjellvegen Årdal – Luster (Tindevegen
<a href="#">4.4.2</a>	37/15	Søknad om nye ruteløyver – Nettbuss

### Hovudutval for kultur

Kap.nr	Sak nr	Sak
<a href="#">4.5.1</a>	17/15	Kulturutviklingsmidlar 2015 - tildeling

### Hovudutval for næring og kultur

Kap.nr	Sak nr	Sak
<a href="#">4.6.1</a>	8/15	Revisjon av retningsliner for kommunale næringsfond frå 01.01.2016

## 2.3 Uttale

Fylkesrådmannen har hatt uttalen tilhøyring. Fylkesrådmannen har i høyringsuttalen kommentert revisor si vurdering i *FU-sak 104/15 – Rådgjevar for fylkesordføraren*. Fylkesrådmannen skriv at saka er ei oppfølging av eit notat (Fylkesordføraren sin sekretariatsleiar), som fylkesrådmannen la fram for fylkesutvalet i *FU-sak 142/14 – Skriv og meldingar fylkesutvalet 26. november 2014*. Fylkesrådmannen skriv at når notatet vart drøfta i fylkesutvalet var det ingen av medlemmane i utvalet som gjorde gjeldande at saka burde avgjerast av fylkestinget.

Fylkesrådmannen sin uttale er vedlagt rapporten (vedlegg 2).

## 3 Kontrollkriterium

Kontrollkriterium er dei krav og forventningar som vedtaka vert kontrollert opp mot. I denne stikkprøvekontrollen er dei innsamla data vurdert opp mot delegerings- og innstillingsreglement (sjå portalen), budsjettreglement (vedteke i FT-sak 68/15), reglement for politiske utval (sjå portalen), aktuelt lov- og regelverk, budsjettvedtak, føremål og rammene av vedtak i fylkestinget.

## 4 Vedtak og vurderingar

### 4.1 Fylkesutvalet (4 saker)

#### 4.1.1 Sak 23/15 – Eigarskap – forenkling av fylkeskommunal eigaroppfølging

##### Vedtak:

1. Rutinen med eit årleg «vår møte» i fylkesutvalet vert avvikla.
2. Rapporteringsskjema for eigarrepresentantane vert endra i tråd med framlagt endringsforlag, jf. vedlegg.

3. Rutinen der fylkesutvalet får ei sak om rapportering frå eigarrepresentantane til handsaming i august vert avvikla.
4. Som ny rutine vert styrekandidatar og vararepresentantar i fylkeskommunalt eigde selskap, IKS og stiftingar peika ut for heile den fylkeskommunale valperioden med mindre vedtektene til einskildselskap seier noko anna.

#### **Vurdering:**

Punkt 1-3 i vedtaket er i samsvar med fylkestinget sitt vedtak i sak 33/14. Punkt 4 i vedtaket er i samsvar med punkt 4.1 i delegerings- og innstillingsreglementet. Punkt 4 i vedtaket vil berre gjelde for dei eigarskapa som fylkesutvalet har mynde til å følgje opp. Fylkestinget sitt vedtak i sak 33/14 innebar berre delegering til fylkesutvalet om å godkjenne opplegg for rapportering.

#### **4.1.2 Sak 58/15 – Tildeling av støtte frå fylkeskommunalt ENØK fond 2015**

##### **Vedtak:**

Følgjande får støtte frå fylkeskommunalt ENØK-fond i 2015:

1. Jølster kommune får inntil kr. 254 000.
2. Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd får inntil kr. 135 000.
3. Vik kommune får inntil kr. 305 000.
4. Leikanger kommune får inntil kr. 489 725.
5. Fjordvarme AS får inntil kr. 100 000.
6. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane får inntil kr. 200 000.
7. Miljøagentane, Barnas Miljøvernorganisasjon, får inntil kr. 20 000.
8. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, lokallaget Indre Sunnfjord, får inntil kr. 25 000.
9. Energikompetansesenteret AS, Nordfjordeid, får inntil kr. 400 000.

Frist for realisering er 15.12.2016 og for sluttrapport 31.12.2016.

##### **Vurdering**

I punkt 7) i vedtektene til Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt ENØK fond står det at «Fylkesutvalet er styre for enøkfondet og tildeler midlar(...)». Vedtaket i denne saka er derfor i samsvar med vedtektene til enøkfondet.

#### **4.1.3 Sak 104/15 – Rådgjevar for fylkesordføraren**

##### **Vedtak:**

1. Det vert engasjert rådgjevar i 80 % stilling. Rådgjevaren vert stilt til rådvelde for fylkesordføraren og det politiske nivået elles i fylkeskommunen, etter fylkesordføraren si avgjerd.
2. Funksjonstida for rådgjevaren skal følgje funksjonstida til fylkesordføraren (4 år). Fylkesordføraren peikar sjølv ut den personen vedkomande ønskjer.
3. Rådgjevaren får rett til å gå over i fast stilling i fylkeskommunen etter at den fylkeskommunale valperioden er ute

##### **Vurdering:**

I følgje punkt 4.10 i delegerings- og innstillingsreglementet fylkeskommunen har fylkesrådmannen innanfor godkjend budsjettamme mynde til å opprette alle stillingar innan

den fylkeskommunale verksemda. Saka er lagt fram utan saksframstilling og det er derfor ikkje mogleg å vurdere om stillinga vil bli finansiert innanfor godkjend budsjettamme. Det går heller ikkje fram av vedtaket på kva måte stillinga er tenkt å vere stilt til rådvelde for «det politiske nivået elles i fylkeskommunen» i tillegg til for fylkesordføraren.

Tilsettingsprosessen som er omtalt i vedtaket ser ikkje ut til å vere i samsvar med tilsetjingsreglement §§ 5 og 6, sett i lys av at engasjementet gjev den aktuelle engasjerte kandidaten ein ubetinga rett til fast stilling etter engasjementsperioden er gått ut.

Revisjonen kan ikkje finne heimel som skulle tilsei at fylkesutvalet kunne fatte vedtak i denne saka. Dersom saka skulle løftast til politisk handsaming, er det vår oppfatning at fylkestinget skulle ha handsama saka. Revisjonen meiner saka burde ha vore lagt fram for politikarane med ei saksutgreiing som forklarte/utdjupa bakgrunnen for dei ulike punkta i forslaget til vedtak.

#### **4.1.4 Sak 144/15 – Val av medlemar i Fjord1 AS**

##### **Vedtak:**

1. Pål W Lorentzen (styreleiar)
2. Vidar Grønnevik
3. Arvid Andenæs
4. Bente Nesse.

##### **Vurdering:**

Vedtaket er i samsvar med punkt 4.1 i delegerings- og innstillingsreglementet.

## **4.2 Hovudutval for opplæring (1 sak)**

### **4.2.1 Sak 23/15 – Strategiar for fag- og yrkesopplæringa i Sogn og Fjordane – kvalitet og gjennomføring**

##### **Vedtak:**

1. Hovudutval for opplæring skal legge særleg vekt på formidlinga av søkjarar med ungdomsrett til opplæring i bedrift, siste to år, når opplæringstilbodet skal vedtakast.
2. Ordninga med tilskot utover første fagbrev står fast under føresetnad av at søkjarar med ungdomsrett er formidla innan faget.

##### **Vurdering:**

Vedtaket er i samsvar med punkt 1.4.4. i delegerings- og innstillingsreglementet og §2 i reglement for hovudutval for opplæring. I punkt 2 i vedtaket står det at «Ordninga med tilskot utover første fagbrev står fast under føresetnad av at søkjarar med ungdomsrett er formidla innan faget.» Revisjonen vil peike på at realiseringa av dette punktet i vedtaket vil avhenge av fylkestinget sine bevillingar.

## **4.3 Hovudutval for plan og næring (1 sak)**

### **4.3.1 Sak 17/15 – Plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane 2015**

##### **Vedtak:**

1. Hovudutvalet for plan og næring vedtek «Plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane 2015» slik den ligg føre.
2. Fylkesdirektør for næring får i samarbeid med fylkesdirektør for opplæring fullmakt til å tildele midlar i tråd med planen.

**Vurdering:**

Vedtaket er i samsvar med punkt 1.4.4. i delegerings- og innstillingsreglementet .

I punkt 2 i vedtaket får fylkesdirektør for næring og fylkesdirektør for opplæring fullmakt til å tildele midlar i tråd med planen. Revisjonen viser til at når det gjeld mynde til å fatte vedtak i enkeltsaker, eller i saker som ikkje er av prinsipiell betydning, skal desse delegerast til fylkesrådmannen etter kommunelova § 23 (4). Deloitte meiner fullmakta i dette tilfellet skulle ha vore delegert til fylkesrådmannen.

#### 4.4 Hovudutval for samferdsle (2 saker)

##### 4.4.1 Sak 13/15 – Tilskot – Fjellvegen Årdal – Luster (Tindevegen)

**Vedtak:**

1. Hovudutval for samferdsle finn ikkje å kunne støtte søknaden frå Fjellvegen Årdal – Luster SA om ekstra tilskott i 2015.
2. Tilskott til Fjellvegen Årdal – Luster SA skal vurderast som ein del av det ordinære budsjettarbeidet.

**Vurdering:**

Vedtaket er i samsvar med punkt 2.5.7 i budsjettreglementet.

##### 4.4.2 Sak 37/15 – Søknad om nye ruteløyver – Nettbuss

**Vedtak:**

Fylkesdirektøren orienterte om melding frå Arnfinn Øen i Samferdsledepartementet om at denne søknaden skulle handsamast av Oslo kommune.

Hovudutvalet bør difor gi ei fråsegn i saka og sende til Oslo kommune.

**Endringsframlegg:**

MDG viser til informasjonen frå samferdsleavdelinga på møtet i dag der den fylkeskommunale klima- og miljøplanen blei presentert som eit av rammeverktøya for planlegging og vedtak i samferdslesaker.

Den fylkeskommunale klimaplanen (jf <http://www.sjf.no/fylkesdelplan-klima-og-miljoe.337885.nn.html>) pålegg i utgangspunktet alle sektorar i fylkeskommunen å legge til grunn klimaomsyn. Om dette står det i handlingsplanen: "I samband med ferje- og bussanbod skal det gjennom politisk handsaming vurderast om det skal hentast inn tilbod på miljøvenleg teknologi/alternativ drivstoff." (henta fra handlingsplanen som ligg her).

MDG oppmodar om at sak 37/2015 blir handsama ut frå handlingsplanens føresetnader og at HS legg dette inn i uttalen i saka i form av eit krav om dette. Dersom dette ikkje let seg gjere, foreslår MDG å utsette saka.

Fylkesdirektøren la fram slikt framlegg til fråsegn

1. Nettbuss Ekspress får nytt ruteløyve for persontransport på strekninga Måløy – Oslo.
2. Nettbuss Ekspress får nytt ruteløyve på strekninga Hareid – Oslo.
3. Eksisterande ruteløyve på dei same strekningane fell bort frå 01.01.2016 (14 06 2016, 14 06 2026 og 15 06 8504)

Avrøysting:

Framlegget fram MDG fekk ei røyst, Stein Malkenes, og fall.

Framlegget frå fylkesdirektøren vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

**Fråsegn:**

1. Nettbuss Ekspress får nytt ruteløyve for persontransport på strekninga Måløy – Oslo.
2. Nettbuss Ekspress får nytt ruteløyve på strekninga Hareid – Oslo.
3. Eksisterande ruteløyve på dei same strekningane fell bort frå 01.01.2016 (14 06 2016, 14 06 2026 og 15 06 8504)

**Vurdering:**

Vedtaket er i samsvar med punkt 3.25, andre underpunkt i delegerings- og innstillingsreglementet

## 4.5 Hovudutval for kultur (1 sak)

### 4.5.1 Sak 17/15 - Kulturutviklingsmidlar 2015 - tildeling

**Vedtak:**

1. Det vert løyvd kulturutviklingsmidlar til følgjande nye tiltak i 2015:

Søklar	Tittel på prosjekt	Tilråding
Naustdal kommune	Ambassade for Kjørtanistan i Naustdal	kr 100 000
Fredrik Høstaker	«Kom heimatt gut»	kr 30 000
Karen Helga Maurstig	«20 Coastal stations»	kr 75 000
Nordisk kunstnarsenter Dale	«UR» - uteromskunstprosjekt, forprosjekt	kr 50 000
Førde kommune	Nynorskbyen Førde	kr 50 000
<b>Sum</b>		<b>Kr 305 000</b>

2. Det vert løyvd midlar i 2015 til følgjande prosjekt som også fekk midlar i 2014:

Søklar:	Tiltak:	Tilråding
Vestnorsk filmsenter	Vidare filmsamarbeid	kr 100 000
Teaterfestivalen i Fjaler	Teaterfestivalen	kr 75 000
Bremanger kulturlag	Der båra bryt	kr 70 000
Vevringutstillinga	Vevringutstillinga 36 år	kr 50 000
Jakob Sande Selskapet	Utvikling og drift av Jakob Sande-tunet	kr 50 000
Nynorske litteraturdagar	Nynorske litteraturdagar	kr 75 000



Gry Buer	Alt lys på Solund	kr 75 000
<b>Sum</b>		<b>Kr 495 000</b>

3. Det vert løyvd midlar til følgjande fylkeskommunale utviklingsavtalar:

	<b>Tiltak:</b>	<b>Tilråding</b>
Sogn og Fjordane Idrettskrins	Idrettslaget som trivsels-, lærings- og utviklingsarena for jenter 15-19 år"	Kr 75 000
Sogn og Fjordane idrettskrins	"Ein god idrettskommune"	Kr 25 000
Gloppen musikkfest	Gloppen musikkfest	Kr 100 000
<b>Sum</b>		<b>Kr 200 000</b>

4. Det vert ikkje løyvd kulturutviklingsmidlar til:

<b>Søklar:</b>	<b>Tiltak:</b>
CNI Studio	Investering i platestudio
Jeff Pedersen Produksjonar	"Stavenes i krig" - produksjon av teaterstykke
Veteranbåtlaget Atløy	Teaterbåten
Spitfire	Turnestøtte Tyskland
Åmot Operagard	Elskovsdrikken
Transplant	Utstilling - identitet i bevegelse
Marek Stave	The Group - eit kreativt byrå for kulturnæringar
Stiftinga Sagastad	Rekonstruksjon Myklebustskipet
Mark Flagler	Nordsjøløypa - sykkelrute, TV-dokumentar
Snowman Productions	Råskap - TV-produksjon, opptak i Stryn

5. Vilkår for utbetaling av tilskot er at tiltaket vert gjennomført som søkt om. Godkjende planar, rapportar og rekneskap som gjeld det einskilde tiltak vert lagt fram, og at vilkår elles knytt til løyvinga er oppfylt.

\*\*\*\*\*

Hovudutvalet vurderte gildskapen til Jan Olav Fretland. Hovudutvalet fann Fretland ugild under handsaming av punkt 1.

#### **Avrøysting:**

Det vart røysta punktvis. Pkt 1 vart samrøystes vedteke.

Punkt 2-5 vart samrøystes vedteke.

#### **Vurdering:**

Vedtaket er i samsvar med punkt 2.5.6 i budsjettreglementet

## 4.6 Hovudutval for næring og kultur (1 sak)

### 4.6.1 Sak 8/15 - Revisjon av retningsliner for kommunale næringsfond frå 01.01.2016

#### **Vedtak:**

1. Hovudutval for næring og kultur vedtek retningsliner for kommunale næringsfond frå 01.01.2016 i tråd med endringar føreslått i vedlegg 1

#### **Vurdering:**

Vedtaket er i samsvar med punkt 1.4.4. i delegerings- og innstillingsreglementet

## 5 Oppsummering

Revisor har vurdert vedtaka i 10 saker frå fylkesutvalet og hovudutvala, og har avdekka avvik i FU-sak 104/15, der revisor i sin kommentar skriv at «Revisjonen kan ikkje finne heimel som skulle tilseie at fylkesutvalet kunne fatte vedtak i denne saka».

Revisor peikar på at pkt. 4 i vedtak i FU-sak 23/15 berre vil gjelde for dei eigarskapa som fylkesutvalet har mynde til å følge opp, at realiseringa av pkt. 2 i vedtaket i HO-sak 23/15 vil avhenge av fylkestinget sine bevillingar, og at fullmakta i pkt. 2 i vedtaket til HPN-sak 17/15 skulle vore delegert til fylkesrådmannen.

## **Vedlegg 1 – Vurderingar av vedtak - Brev frå Deloitte AS**

Kontrollutvalet i Sogn og fjordane fylkeskommune  
v/ sekretariatet

12.5.2015

## ***OVERSENDING AV VURDERINGAR KNYTT TIL VEDTAK FATTA I HOVUDUTVAL ELLER FYLKESUTVALET***

I samsvar med bestilling frå kontrollutvalet sender Deloitte over vurderingar knytt til ti vedtak fatta i hovudutval og fylkesutvalet i 2015.

### Vurderingar **Fylkesutvalet**

*Sak: 23/15 Eigarskap – forenkling av fylkeskommunal eigaroppfølging*

Punkt 1-3 i vedtaket er i samsvar med fylkestinget sitt vedtak i sak 33/14. Punkt 4 i vedtaket er i samsvar med punkt 4.1 i delegerings- og innstillingsreglementet. Punkt 4 i vedtaket vil berre gjelde for dei eigarskapa som fylkesutvalet har mynde til å følgje opp. Fylkestinget sitt vedtak i sak 33/14 innebar berre delegering til fylkesutvalet om å godkjenne opplegg for rapportering.

*Sak: 58/15 Tildeling av støtte frå fylkeskommunalt ENØK fond 2015*

I punkt 7) i vedtektene til Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt ENØK fond står det at «Fylkesutvalet er styre for enøkfondet og tildeler midlar(...)». Vedtaket i denne saka er derfor i samsvar med vedtektene til enøkfondet.

*Sak: 104/15 Rådgjevar for fylkesordføraren*

I følgje punkt 4.10 i delegerings- og innstillingsreglementet fylkeskommunen har fylkesrådmannen innanfor godkjend budsjettramme mynde til å opprette alle stillingar innan den fylkeskommunale verksemda. Saka er lagt fram utan saksframstilling og det er derfor ikkje mogleg å vurdere om stillinga vil bli finansiert innanfor godkjend budsjettramme. Det går heller ikkje fram av vedtaket på kva måte stillinga er tenkt å vere stilt til rådvelde for «det politiske nivået elles i fylkeskommunen» i tillegg til for fylkesordføraren. Tilsettingsprosessen som er omtalt i vedtaket ser ikkje ut til å vere i samsvar med tilsetjingsreglement §§ 5 og 6, sett i lys av at engasjementet gjev den aktuelle engasjerte kandidaten ein ubetinga rett til fast stilling etter engasjementsperioden er gått ut.

Revisjonen kan ikkje finne heimel som skulle tilsei at fylkesutvalet kunne fatte vedtak i denne saka. Dersom saka skulle løftast til politisk handsaming, er det vår oppfatning at fylkestinget skulle ha handsama saka. Revisjonen meiner saka burde ha vore lagt fram for politikarane med ei saksutgreiing som forklarte/utdjupa bakgrunnen for dei ulike punkta i forslaget til vedtak.

*Sak: 144/15 Val av medlemmar i Fjord1 AS*

Vedtaket er i samsvar med punkt 4.1 i delegerings- og innstillingsreglementet.

### **Hovudutval for opplæring**

*Sak: 23/15 Strategiar for fag- og yrkesopplæringa i Sogn og Fjordane – kvalitet og gjennomføring*

Vedtaket er i samsvar med punkt 1.4.4. i delegerings- og innstillingsreglementet og §2 i reglement for hovudutval for opplæring. I punkt 2 i vedtaket står det at «Ordninga med tilskot utover første fagbrev står fast under føresetnad av at søkjarar med ungdomsrett er formidla innan faget.» Revisjonen vil peike på at realiseringa av dette punktet i vedtaket vil avhenge av fylkestinget sine bevillingar.

### **Hovudutval for plan og næring**

*Sak: 17/15 Plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane 2015*

Vedtaket er i samsvar med punkt 1.4.4. i delegerings- og innstillingsreglementet .

I punkt 2 i vedtaket får fylkesdirektør for næring og fylkesdirketør for opplæring fullmakt til å tildele midlar i tråd med planen. Revisjonen viser til at når det gjeld mynde til å fatte vedtak i enkeltsaker, eller i saker som ikkje er av prinsipiell betydning, skal desse delegerast til fylkesrådmannen etter kommunelova § 23 (4). Deloitte meiner fullmakta i dette tilfellet skulle ha vore delegert til fylkesrådmannen.

### **Hovudutval for samferdsle**

*Sak: 13/15 Tilskot – Fjellvegen Årdal – Luster (Tindevegen)*

Vedtaket er i samsvar med punkt 2.5.7 i budsjettreglementet.

*Sak: 37/15 Søknad om nye ruteløyver – Nettbuss*

Vedtaket er i samsvar med punkt 3.25, andre underpunkt i delegerings- og innstillingsreglementet.

### **Hovudutval for kultur**

*Sak: 17/15 Kulturutviklingsmidlar 2015 - tildeling*

Vedtaket er i samsvar med punkt 2.5.6 i budsjettreglementet.

### **Hovudutval for næring og kultur**

*Sak: 8/15 Revisjon av retningsliner for kommunale næringsfond frå 01.01.2016*

Vedtaket er i samsvar med punkt 1.4.4. i delegerings- og innstillingsreglementet.

Med venleg helsing

Deloitte AS

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Stein Ove Songstad', with a long horizontal flourish extending to the right.

*Stein Ove Songstad*  
Partner

## **Vedlegg 2 – Uttale frå fylkesrådmannen**

Einar Ulla, SEK

## Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2015 - fråsegn frå fylkesrådmannen

Eg viser til oversending frå kontrollsjefen 20.d.m.

Fylkesrådmannen har slik fråsegn til utkastet til rapport:

- **4.1.3 FU-sak 104/15 – Rådgjevar for fylkesordføraren:** Saka har bakgrunn i at fylkesordføraren sin sekretariatsleiar skulle gå av med pensjon. I samband med dette skreiv eg notatet «Fylkesordføraren sin sekretariatsleiar», som fylkesutvalet handsama i møte 26.11.14 (FU-sak 142/14). I notatet tilrådde eg følgjande:
  1. Sekretariatsleiaren vert framleis underlagd fylkesordføraren.
  2. Stillinga som sekretariatleiar bør i framtida vere eit politisk verv og funksjonstida bør følgje funksjonstida til fylkesordføraren. Fylkesordføraren bør sjølv få peike ut den personen vedkomande ønskjer i stillinga, men ein kan ikkje peike ut ein fylkestingsrepresentant.
  3. Ny sekretariatsleiar bør få ein stillingsprosent på 80 prosent. Det er då føresett at delar av oppgåvene hans må vidareførast på administrativ side.

Fylkesutvalet slutta seg til dette.

Fylkesrådmannen ser at det burde vore ein referanse frå FU-sak 104/15 til det nemnde notatet. Det ville då vore lettare å lese ut av saka at stillinga som rådgjevar for fylkesordføraren ikkje er ei nyoppretta stilling, men eit framhald av den tidlegare stillinga «sekretariatsleiar».

Det er inngått ein eigen avtale mellom fylkesordføraren og hennar politiske rådgjevar. Der er det nemnd at han skal utføre arbeidsoppgåver for andre folkevalde i fylkeskommunen etter avgjerd av fylkesordføraren, jf. vedtakspunkt 1 i sak 104/15. Der framgår det også at han ikkje har rett på fast tilsetjing i fylkeskommunen etter at den fylkeskommunale valperioden er ute, jf. vedtakspunkt 3 i sak 104/15.

Revisjonen hevdar at dersom saka skulle løftast til politisk handsaming, var det fylkestinget som burde ha handsama saka. Til dette vil eg påpeike at vedtaket i FU-sak 104/15 som nemnd var ei oppfølging av fylkesrådmannen sitt notat «Fylkesordføraren sin sekretariatsleiar». Då notatet vart drøfta i fylkesutvalet, var det ingen av medlemene i fylkesutvalet som gjorde gjeldande at saka burde avgjerast av fylkestinget.

Utover dette har ikkje fylkesrådmannen merknader til utkastet.

Med helsing

Tore Eriksen  
fylkesrådmann



*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*